



Forskrift om skulereglar i Fyresdal kommune - revidert versjon 2

Heimel: Fastsett av Fyresdal kommunestyre [organ] [dato] ...med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 10-7.

§ 1 Målet med trivselsreglane

Skulereglane skal bidra til at elevane i Fyresdal har eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring. Målet med forskrifta er å gje tydelege og føreseielege reglar om kva Fyresdal kommune forventar av elevane på skulen, og kva reaksjon skulen kan nytte om elevane bryt reglane. Skulereglane skal gjere skulen til ein god stad å vera og skal bidra til at elevane trivst og lærer på skulen. Reglane skal også bidra til å skape eit godt fellesskap på skulen.

§ 2 Verkeområde

Gjeld for elevar ved Gimle skule i Fyresdal kommune.

§ 3 Kvar gjeld skulereglane

~~Gjeld på skulen, på turar med skulen, arrangement i regi av skulen, på skulevegen, i skuleskyss, på leksehjelp og SFO. Reglane gjeld også i det digitale rommet.~~

Endre § 3, avsnitt 1:

Reglane gjeld på skulen, i skuletida, på skulevegen, i det digitale rommet og på ulike arrangement i regi av skulen (t.d. skuleturar).

Skulereglementet inneheld følgjande:

- Reglar om orden og åtferd.
- Reglar for kva for tiltak som skal brukast når elevar bryt skulereglementet.
- Reglar for framgangsmåten når slike saker vert handsama.

§ 4 Skulens egne reglar

I tillegg til denne forskrifta til skulereglement kan Gimle skule ved rektor vedta tilleggsreglar som er tilpassa skulen. Rektor skal sikre at elevar, tilsette og føresette vert høyrd før reglane vert bestemt. Desse reglane må vere i samsvar med den kommunale forskrifta om skulereglement, og den kommunale forskrifta er overordna skulens reglar.

Den enkelte klasse skal ha reglar om orden og åtferd som er tilpassa elevane sin alder. Reglane skal lagast i samarbeid med elevane.

Gimle skule har følgjande trivselsreglar:

1. Gimle skule er plassen kor elevar og vaksne trivast og er trygge.
2. Vi syner respekt for alle på skulen.
3. Vi tek ansvar for miljøet på skulen vår.
4. Vi er mot andre slik vi vil andre skal vere mot oss.
5. Vi er høflege og greie mot kvarandre.
6. Vi tek vare på tinga og bygningane, vår felles eigedom
7. Vi er forsiktige så vi ikkje skadar oss sjølv eller andre.
8. Vi har ikkje med våpen eller farlege gjenstandar på skulen.
9. Vi har ein mobilfri skule.
10. Vi er ein røyk-, snus- og rusfri skule.
11. Godteri og brus er lov etter avtale med lærar.
12. ~~Vi held oss innan skulen område.~~

Endre punkt 12: Vi held oss innanfor skulens område.

13. Gimle skule har inne- og ute ordning for elevane.

§ 5 Elevane sine rettar og plikter

Skulen vil setje inn tiltak ovanfor elevar når nokon krenker, mobbar eller plagar andre. Dette gjeld både fysiske, verbale, digitale eller kroppsspråklege handlingar.

Elevane har rett til:

- Eit skulemiljø som gir tryggleik og tilhøyre.
- Å bli høyrte i saker som gjeld eigne forhold til skulen.
- Respekt frå andre.
- Respekt for private eigedelar.
- Eit godt fysisk og psykisk læringsmiljø utan verbale, fysiske og digitale krenkingar.
- Eit læringsmiljø som fremjar helse, trivsel og læring.
- Eit miljø som fremjar folkehelse, livsmeistring, demokrati og medborgarskap.

Elevane pliktar å:

- Bidra til eit godt lærings- og skulemiljø for alle.
- Behandle alle med omsyn og respekt.
- Vise respekt for andre og skulen sine eigedelar.

§ 6 Orden

Orden gjeld førebuing, arbeidsvanar og arbeidsinnsats. Elevane i Fyresdal skal ha god orden.

Det er god orden å:

- Møte presis og førebudd på skulen og til undervisninga.
- Ha skulesakene i orden og ha med naudsynte læremiddel og utstyr.
- Gjere arbeid ein er pålagt så godt som mogleg og til rett tid.

§ 7 Åtferd

Skulen er ein stad for læring og arbeid for mange, både barn, unge og vaksne. Alle har eit ansvar for å skape eit godt læringsmiljø. For å få dette til må alle elevane følge vanlege reglar i samfunnet og vise god åtferd.

Det er god åtferd å:

- Vere hyggelege og høflege mot kvarandre, vise omsyn og respekt.
- Snakke godt om og til kvarandre og unngå skjellsord, banning og grovt språk.
- Bidra til arbeidsro i opplæringa og rette seg etter beskjedar frå dei tilsette på skulen.
- Ikkje mobbe eller på andre måtar krenke andre fysisk, verbalt eller digitalt.
Endre punkt 4: Ikkje mobbe eller på andre måtar krenke andre fysisk, verbalt, digitalt eller kroppsspråkleg.
- Ikkje vere valdeleg eller kome med truslar.
- Vise respekt for skulen og andre sine eigedelar.
- Ikkje røyke, snuse eller vere påverka av rusmiddel.
- Ikkje ha med farlege gjenstandar eller våpen på skulens område.
- Ikkje fuske eller forsøke å fuske på prøver eller innleveringar.
- Vere på skulen og delta i undervisninga heile skuledagen.
- Rydde opp etter seg etter bruk av skulen sitt fellesareal.
- Berre ha med eller ete godteri, drikke brus etter avtale med lærar.
- ~~Bruke digitalt utstyr (mobil, digital klokke, nettbrett, pc) i tråd med skulen sine reglar og reglar for godt nettvett.~~
**Endre § 7 punkt 13:
Bruke av digitalt utstyr (mobil, digital klokke, nettbrett, pc) skal gjerast i tråd med skule sine reglar, reglar for godt nettvett og etter avtale med lærar.**
- Berre dele (publisere, spreie) bilete, film eller andre personopplysningar om elevar eller tilsette når dei har samtykka til dette.

§ 8 Reaksjonar dersom elevar bryt reglane

Alle reaksjonar skal vere tilpassa alvoret i saka i tillegg til elevens alder, føresetnadar, utvikling og kor mogen eleven er. Eleven skal forstå kva reglar som er brotne og kvifor skulen reagerer på

dette. Eleven skal, viss mogleg, ha høve til å gjere opp for seg. Å straffe ei heil gruppe elevar for noko ein elev har gjort er ikkje lov.

Tilsette ved skulen og SFO kan gripe inn fysisk dersom ein elev krenkjer ein person fysisk eller psykisk, skader eigedom, utsett seg sjølv for fysisk fare eller vesentleg forstyrrar undervisninga jamfør Opplæringslova § 13-4. Dette kun når andre tiltak ikkje er tilstrekkeleg. Det fysiske inngrepet kan ikkje gå lengre enn nødvendig, og det skal stå i eit rimeleg forhold til dei interessene som skal varetakast.

8-1: Reaksjonar ved brot på skulereglementet

Dersom ein elev bryt reglane i skulereglementet, kan det føre til følgjande reaksjonar, avhengig av kor alvorleg saka er:

- Rettleiing av eleven med bruk av samtale eller munnleg irettesetting.
- Merknadar.
- Kontakt med føresette via telefon eller samtale.
- Skriftleg eller munnleg irettesetting/åtvaring frå leiinga ved skulen.
- Gjenstandar som blir brukt på ein farleg eller provoserande måte blir drege inn. Gjenstandar vert levert til eleven etter skuletid same dag. Farlege gjenstandar vert gitt til føresette, ulovlege gjenstandar vert gitt til politiet.
- Tap av gode.
- Pålegg om å rette opp skade som er påført skulen (t.d. rydde søppel, fjerne tagging).
- Ved skade eller skadeverk på skulen sin eigedom eller utstyr, kan eleven og/eller elevens føresette bli haldne erstatningsansvarlege. (*Jamfør skadeerstatningslova §1-2*) Det same gjeld ved tap av undervisningsmateriell.
- Fusk på prøver (kommunikasjon med andre, bruk av hjelpemiddel som ikkje er lov) medfører samtale og eventuelt varsel om nedsetjing i åtferd.
- Ulovleg og ikkje opplyst bruk av kjelder, Kl eller plagiat/klipp og lim av andre sine tekstar får ein konsekvens for vurdering i faget.

8-2: Reaksjonar ved alvorlege brot på skulereglementet

Dersom ein elev alvorleg (vald, trugsmål om vald, særleg provoserande åtferd, grove brot på ordensreglane) eller gjentekne gonger bryt skulereglane, kan det føre til følgjande reaksjonar (gjeld berre i skuletid, ikkje SFO eller leksehjelp):

- Nedsett karakter i orden eller åtferd:
 - Vert brukt ved særskild klanderverdige eller grove enkelthendingar.
 - Rektor må skrive eit enkeltvedtak.
- Bortvising frå undervisning for enkelttimar eller resten av skuledagen:
 - Dette skal avgjerast av rektor, men kan delegerast til lærar inntil to klokketimar.
 - Skulen skal dokumentere ei slik bortvising skriftleg.
 - Eleven skal ha høve til å forklare seg, og skulen skal ha vurdert andre tiltak før avgjersle.
 - Føresette skal varslast før elev vert vist bort.
 - Eventuell heimsending må avklarast med føresette.
- Bortvising frå undervisning i ein til tre dagar for elevar på 8.-10. trinn:
(jamfør opplæringslova §13-1)
 - Varsel av føresette.
 - Vert avgjort av rektor i eit skriftleg enkeltvedtak.
 - Skulen må vurdere om eleven skal bortvisast frå undervisninga og få eit anna tilbod på skulen, eller bli sendt heim.
 - Eleven og føresette skal ha høve til å uttale seg før vedtak om bortvising blir fatta.

§ 9 Alvorlege og straffbare forhold

Alvorlege og straffbare forhold blir meldt til politiet (både digitale og fysiske). Hendinga må vurderast opp mot ordensreglementet og skulen må føreslå aktuelle hjelpetiltak.

§ 10 Inndraging av gjenstandar

Skulen skal ta beslag i ulovlege gjenstandar og gje desse til politiet.

Om eleven nyttar gjenstandar (gjeld også PC/ I-pad og telefon) på ein måte som er i strid med denne forskrifta, kan skulen midlertidig ta frå elevane gjenstanden og levere den tilbake ved skuledagens slutt. Om skulen tek inn røyk, tobakk, snus, alkohol eller liknande, leverer skulen tilbake gjenstanden til føresette.

§ 11 Sakshandsamingsreglar ved bruk av reaksjonar

Når ein elev får ein reaksjon, skal skulen nytte desse sakshandsamingsreglane:

1. Skulen skal syte for at avgjerda vert teke på eit forsvarleg grunnlag.
2. Eleven har rett til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda. Skulen skal syte for at eleven får snakke med nokon hen stolar på og i ein situasjon som opplevast trygg.
3. Skulen skal grunngje avgjerda. Ved reaksjonar skal skulen gje skriftleg grunngjeving til føresette.
4. Før avgjerd om bortvising skal skulen vurdere om det er mogleg å bruke andre reaksjonar eller hjelpetiltak som er mindre inngripande.
5. Det er rektor som gjer vedtak om bortvising frå opplæring.
6. I særlege tilfelle kan kommunen gjere vedtak om at ein elev skal flyttast til ein annan skule dersom eleven si åtferd går alvorleg ut over tryggleiken eller læringa til ein eller fleire medelevar. Det er berre Kommunalsjef for kultur og oppvekst som har høve til å vedta midlertidig eller permanent skulebytte.
7. Reaksjon blir gitt i form av eit einskild vedtak med klagerett etter forvaltningslova.

§ 12 Grunnlag for vurdering i orden og åtferd

Skulen skal vurdere orden og åtferd ut frå reglane om orden og åtferd i denne forskrifta. Skulen kan ikkje vurdere orden og åtferd ut frå andre vurderingsgrunnlag.

§ 13 Nedsett karakter i orden og/eller åtferd

Om skulen vurderer at eleven skal få ein annan karakter enn den beste i orden og/eller åtferd, skal elev og føresette varslast så snart som råd utan ugrunna opphald.

Karakteren i orden og åtferd vil som hovudregel bli satt ned ved gjentekne brot på ein eller fleire reglar. Skulen kan også setje ned karakteren ved einskildhendingar dersom det er grove brot på reglementet.

§ 14 Plikt til medverknad

Skulen skal sikre at elevar og føresette aktivt kan medverke i skulens arbeid med skulemiljø, kvalitetsutvikling av opplæringa og fastsetting av skulereglar.

§ 15 Organisering av skuledemokratiet

Jamfør Opplæringslova om skuledemokratiet og organisering av skuledemokratiet i § 10-4 og § 10-5, har Fyresdal kommune følgjande organisering:

Gimle skule skal ha desse samarbeidsorgana:

- Elevråd
- Foreldrerådet arbeidsutval (FAU)
- Samarbeidsutval (SU) og Skulemiljøutval (SMU)

§ 16 Elevråd

Ved Gimle skule i Fyresdal er det månadleg elevråd der elevane lyfter fram saker. Elevrådet har representantar frå 5.-10. klasse.

Valde elevar frå elevrådet sit representert i SU (samarbeidsutval) og SMU (skulemiljøutval) med møtefrekvens på to møter pr. semester.

Rektor eller den tilsette som rektor delegerer oppgåva til, har møte- og talerett på elevrådsmøta. Skulen og elevrådet skal sikre at alle elevane på skulen kan aktivt delta i skulens arbeid.

§ 17 Foreldreråd og foreldrerådets samarbeidsutval (FAU)

Gimle skule skal ha eit foreldreråd der alle føresette som har born i skulen, er medlemmar. Foreldrerådet skal fremme fellesinteressa til dei føresette ved skulen.

Innan utgangen av september kvart kalenderår skal skulen legge til rette for val av foreldrerådets arbeidsutval (FAU) blant medlemmane i foreldrerådet. Det er klassekontakten i kvar klasse frå 1.-10. klasse som utgjer FAU ved Gimle skule.

Utvalet vel sjølv leiar, nestleiar og sekretær. Utvalets medlemmar har teieplikt om arbeidet i FAU der reglane om teieplikt gjeld.

FAU har rett til å uttale seg om alle saker som gjeld skulen, inkludert høyringsframlegg skulen tek imot, større prosjekt / endringar ved skulebygg og liknande saker. FAU er eit rådgjevande organ for skulen.

§ 18 Samarbeidsutval (SU)

Gimle skule skal ha eit samarbeidsutval (SU) der tilsette, føresette, elevar og kommunen er representert.

Tilsette, føresette, elevar har tre representantar kvar. Kommunen som skuleeigar har to representantar ved ein politikkar og rektor. Utvalet vel leiar, nestleiar og sekretær sjølve.

Samarbeidsutvalet har teieplikt om arbeidet i utvalet der reglane for teieplikt gjeld. Elevane, tilsette, og føresette vel sjølve korleis dei vil velje representantar til samarbeidsutvalet.

Elevrepresentantane kan ikkje vera til stade i møtet når samarbeidsutvalet diskuterer saker som er teiepliktige. I desse tilfella har foreldrerepresentantane dobbeltstemme tilsvarande tal på elevrepresentantar.

Kommunen vert representert av rektor og eit medlem vald av kommunestyret i Fyresdal.

Samarbeidsutvalet er eit rådgjevande organ som har rett til å uttale seg om alle saker som gjeld skulen, inkludert høyringsframlegg som skulen får.

§ 19 Skulemiljøutval (SMU)

Samarbeidsutvalet (SU) fungerer også som Skulemiljøutval (SMU) . I Skulemiljøutvalet har elevar og føresette fleirtal.

Tilsette, føresette, elevar har tre representantar kvar. Medan kommunen er representert ved skuleeigar ved rektor og ein kommunestyrepolitikar. Utvalet vel leiar, nestleiar og sekretær sjølve.

Skulemiljøutvalet har teieplikt om arbeidet i utvalet der reglane for teieplikt gjeld.

Elevrepresentantane kan ikkje vera til stade i møtet når Skulemiljøutvalet diskuterer saker som er teiepliktige. I desse tilfella har foreldrerepresentantane dobbeltstemme tilsvarande tal på elevrepresentantar.

Skulemiljøutvalet skal medverke til at skulen, dei tilsette, elevane og føresette tar aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skulemiljø. Utvalet skal gje råd til skulen i arbeidet med skulemiljøet, men har ikkje rett til å fatte bindande vedtak.

Skulemiljøutvalet skal haldast informert om alt som er viktig for skulemiljøet, og så tidleg som mogleg vera med i arbeidet med skulemiljøtiltak. Dei har rett til innsyn i dokumentasjon som gjeld det systematiske arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø, og har rett til å uttale seg og kome med framlegg i alle saker som er viktige for skulemiljøet. Dette gjeld likevel ikkje saker om einskildelevars psykososiale skulemiljø.

§ 20 Fullmakt til redigering av forskrifta

Mindre justeringar av forskrifta kan vedtakast av kommunalsjef for oppvekst i Fyresdal kommune. Øvrige endringar i forskrifta vedtakast av kommunestyret i Fyresdal.

§ 21. Ikraftsetjing

Forskrift om ordensreglement, vedteke i samarbeidsutvalet 24.03.21 gjeld fram til nytt vedtak i kommunestyret i februar 2026.